

---

**Fra:** Andreas Valdersnes <andreas87v@hotmail.com>  
**Sendt:** onsdag 20. februar 2019 09:34  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Innløpet til Mangerspollen

Hei!

Litt usikker på kven som skal være mottaker av denne mailen, kanskje teknisk avdeling?

Terskelen inn til Mangerspollen ved Naustholmen har vore heva rundt midten av 1980-tallet om min informasjon er korrekt.

Den vart heva grunna legging av kloakkledning, eit arbeid som kommunen stod for.

Vi er fleire grunneigarar og naboar ved Mangerspollen som ynskjer å få seinka terskelen igjen, slik av vassutskifting i Mangerspollen vert som før.

I ein rapport frå fylkesmannen i 2004, vert det kartlagt viktige naturtypar i Radøy.

Følgjande er klipp og lim frå rapporten;

#### **"Lokalitet 80 Mangerpollen Hovedtype Havstrand/kyst**

##### **Undertype Brakkvasspollar (G08)**

Dato 30.08.2001

Areal 23 da

Verdi C - lokal verdi

##### **Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Pollen har vore prega av forureining i ei årrekke, men dette har vorte betre dei siste åra.

Terskelen i utløpet mot Mangersvågen vart heva i samband med byggearbeid, slik at utskiftinga av vatn i pollen er mindre enn før. Dette er mogeleg å rette opp att.

Det vert sagt at sjøauren gjekk opp her før i tida. Skogområdet kring pollen er rikt, og til saman utgjør dette eit viktig område for det biologiske mangfaldet.

Registrert av: Kjersti Isdal"

Vasskvaliteten i Mangerspollen er altså forringa, og har vore det i ein del år.

Det er svært synd at eit så fint naturområde, skal fortsette å være forringa når det er mogleg å rette opp at.

Det er også verdt å nemne at Mangerspollen er nabo til eit kulturminneområde, naustmiljøet i Mangersvågen.

Vi er fleire som ynskjer at dette vert retta opp att av kommunen og vonar at kommunen vil ta denne jobben.

Er takksam for snarleg svar.

Mvh

Andreas Valdersnes

Grunneigar 45/273

99532929